

# MÅNADSRAPPORT 2019-10

Nye Førde sjukehus

**NYE FØRDE SJUKEHUS**

- byggt med vår innsikt og innsats



## Rapporten sitt formål og bruk

Denne rapporten skal nyttast mot alle partar som har behov for innsyn og status i arbeidet med Nye Førde sjukehus

Rapporten vil bli nytta til kvartalsrapportering mot styret i Helse Førde, månadleg rapportering i styringsgruppa, dialogmøter med Helse Vest og informasjon til heile organisasjonen i Helse Førde ved at rapporten blir lagt ut på vårt intranett.

Rapporten vil bli oppdatert ein gong per måned, og det blir ført løpende revisjonslogg på dokumentet.

Revisjons logg			
Dato	Endring	Utført av	Godkjent
2019-04-05	Utkast til rapport for gjennomgang i styringsgruppe	KIS	
2019-04-12	Sluttjustert for styremøte 29. april	KIS	
2019-05-10	Oppdatert for månadsrapport for april	KIS	
2019-06-12	Oppdatert for månadsrapport for mai	KIS	
2019-07-19	Oppdatert månadsrapport for juni	KIS	
2019-09-20	Oppdatert månadsrapport for august	KIS	
2019-10-17	Oppdatert månadsrapport for september	KIS	
2019-11-14	Oppdatert månadsrapport for oktober	KIS	

## Innhold

1	Kort status om arbeidet .....	4
2	Avvik og korrigerande tiltak i forhold til budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet.....	5
3	Oppdaterte sluttprognose for delprosjekt og totalprosjektet.....	5
4	Spesielle problem og tiltak.....	6
5	Brukarmedverknad, status og samarbeid .....	7
6	HMS.....	8
6.1	SHA – Sikkerhet Helse og arbeidsmiljø .....	8
6.2	Miljøoppfølgingsplan og grønt sjukehus.....	8
6.3	HMS avvik.....	8
7	Informasjonsarbeid .....	9
8	Hovudaktivitetar neste periode .....	10

## 1 Kort status om arbeidet

Kort status blir i rapporten meldt på følgjande punkt:

- Delprosjekt Dagabygget (Nybygg psykisk helsevern)
- Anskaffing av entreprenør for dei kommande delprosjekta
- Endringar i høve til forprosjekt

### **Delprosjekt Dagabygget (Nybygg psykisk helsevern)**

Entreprenør har hatt god drift på reising av råbygg, og prosjektet blir rapportert til å ligge 9 dagar bak på framdrift. Totalentreprenør har målsetning om å henta inn i att desse 9 dagane i råbyggfasen. Prosjektet har hatt ein mindre personskade, og omtale av dette er teke inn under kapittel for HMS.

### **Anskaffing av entreprenør for Livabygget (Nybygg somatikk)**

Tilbodsfrist gjekk ut 16. september og vi fekk to tilbod. Dei to var Veidekke AS og Åsen & Øvrelid AS. Begge har levert gyldige tilbod, og evaluering med intervjurunde er gjennomført. Det er òg gjennomført forhandlingsrunde med avklaringar. Innstilling til val av entreprenør vil bli lagt fram i styremøte den 22. november.

Arbeid med kontrahering og planlegging av oppstart saman med entreprenør vil starte straks etter styremøtet, men signering av kontrakt vil ikkje kunne skje før karenstida på 10 dagar er avslutta.

### **Endringar i høve til forprosjekt**

I arbeidet med å leite etter aktuelle løysingar på areal og kostnadsutfordringar har det dukka opp eit alternativ med å bygge fleire nye sengeetasjar i Livabygget. Dette alternativet står fram no som funksjonsmessig svært godt. Ei innleiande kostnadsvurdering viser at dette kan vere mogeleg innanfor gjeldande investeringsramme.

Dette alternativet medfører mange mogelege positive endringar for drifta vår. I ei heildagssamling den 1. november vart det gjennomført ein omfattande idédugnad for å kartlegge kva alternativet kan gje oss. Samlinga vart gjennomført i regi av Medisinsk- og Kirurgisk klinikk, og over 70 personar med god kunnskap om drifta ved sjukehuset deltok.

Alternativet med nye sengeetasjar vil bli funksjonsmessig utgreidd og kvalitetssikra mot driftsorganisasjonen gjennom to møteseriar. Ein møteserie før jul og ein tidleg i januar, mellom arkitekt og definerte arbeidsgrupper. I tillegg vil det bli starta opp ein prosess med entreprenør som skal vere med å utarbeidet reviderte kostnadsmål for dei ulike delprosjekta i heilskapen for Nye Førde sjukehus. Med ein verifisert og kvalitetssikra funksjonsvurdering og nye kostnadsmål utarbeidd saman med entreprenør vil det på styremøtet i januar bli fremma ei sak om endring i høve til forprosjekt.

Det vil vere mogeleg å behalde det meste av forprosjektløysingar inne i eksisterande lågblokk utan endring. Det er likevel tydeleg at vi må nytte høvet til å betre funksjonane og innføre endringar som dette alternativet kan gi opning for. Optimalisering av lågblokka vil vere ei oppgåve vi for alvor må gripe fatt i når tida for oppstart av dette delprosjektet nærmar seg.

Når endringa i høve til forprosjekt er vedteken av styret så vil vi starte to prosessar saman med entreprenør:

- Kostnadskontroll av heilskap (detaljere og forplikte dei kostnadsmåla som er etablert)
- Samhandling for å få fram kontraktsgrunnlag for Livabygget (Nybygg somatikk)

## 2 Avvik og korrigerande tiltak i forhold til budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet

Avvik og korrigerande tiltak vil i rapporteringa bli vist i tabellform som viser alle opne saker:

1	Type avvik	Prosjekt	Avvik	Tiltak	Merknad ved rapportering
3	Framdrift	Delprosjekt 3 - Nybygg somatikk	Anbodusutlysing flytta 1,5 månad	Revisjon av framdriftsplan i samhandling	
4	Økonomi	Nye Førde sjukehus	Estimert kostnadsavvik i høve til ramme har auka frå 100 til 150 millionar	Heilskapsgjennomgang saman med entreprenør	
5	Framdrift	Delprosjekt 3 - Nybygg somatikk	1 månad utsatt oppstart samhandling		Tid for gjennomføring av kostnadsvurdering før oppstart

Vi må melde to nye avvik i september.


- Forprosjektet hadde ein plan for å hente inn eit kostnadsavvik på 100 millionar i forhold til forprosjektet, dette avviket har no auka til 150 millionar. Tiltak for å få kontroll på kostnadane er å gjennomføre ein gjennomgang av heilskapen saman med entreprenør, og kostnadskontrollere identifiserte mogelegheiter.
- Framdriftsplan vil bli påverka av punkt 1 ovanfor og vil medføre at samhandlingsprosess må utsetjast minst ein månad. Det er ikkje definert korrigende tiltak for dette avviket, men vi følgjer prinsippet om at tid skal nyttast som verkemiddel for å trygge kvalitet og kostnad.

## 3 Oppdaterte sluttprognose for delprosjekt og totalprosjektet

Budsjett og låneramme blir årleg justert i samsvar med deflator i statsbudsjettet. Justeringa er i oppstillinga vist frå konseptfasen i 2015, og prosjektet si investeringsramme er kr 1 686 millionar.


Rammejustering (i millionar kroner)	2015	2016	2017	2018	2019
Ramme førre periode	1 520,0	1 520,0	1 559,5	1 598,5	1 641,1
Prisjustering (av ubrukte midlar)	-	39,5	39,0	42,6	45,3
<b>Ramme for gjeldane år</b>	<b>1 520,0</b>	<b>1 559,5</b>	<b>1 598,5</b>	<b>1 641,1</b>	<b>1 686,5</b>
Deflator i %	2,6	2,5	2,7	2,9	

Budsjetta og status for dei ulike delprosjekta er rapportert som 2019 kroner i figuren nedanfor.



Tabellen har to søyler per delprosjekt. Søyle 1 til venstre syner budsjett inkludert 10 % reserve i prosjektet. Søyle 2 syner prognose for prosjektet, inkludert tilviste kostnader, og behov for ubrukt reserve i prosjekta.

For delprosjekt Dagabygget har vi fortsatt tru på at det er mogeleg å spare ca. 10 millionar av reserven



## 4 Spesielle problem og tiltak

På kort sikt har vi følgjande spesielle problem:


Prosjekt/delprosjekt	Risikoelement	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Tiltak	Merknad
Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Kost: Økonomisk risiko knytt til grunnarbeid	3	3	9	Kartlegging er gjennomført	Fortsatt litt restrisiko i grunnarbeidet
Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Kost: Risiko for kostnadsoverskridning med rådgivarkontrakt.	5	3	15	Gjennomføre eit overordna møte med entreprenør og rådgivar	Kostnad for prosjektering går over budsjettmålet
Delprosjekt 3 - Nybygg somatikk	Tid: Risiko for at OU prosessar krev meir tid enn framdriftsplan i byggjeprosjektet tilseier.	1	5	5	Kommunikasjon: Vi tydelegjer framdriftsplan og dei ulike fasane i byggjeprosjektet. Har tett dialog med OU. Får oppretta eigar pr. delprosjekt før sommar 2019.	Arbeidsgruppene vil no komme på plass den 19. november

Prognosar viser no at kostnadsmål for prosjektering ikkje kan nåast.

Det er planlagt at prosjektet skal gjennomføre nye overordna risikovurderingar i januar 2020

## 5 Brukarmedverknad, status og samarbeid

Ansvaret for å kvalitetssikre løysingane i forprosjektet og å komme med eventuelle innspel til endringar ligg til eigarane i driftslinja, representert med teneste- og organisasjonsutviklingsprosjekta under programmet Pasientens helseteneste.



Utover dei optimaliseringsprosessane som er køyrd i regi av Nye Førde sjukehus så er det ikkje kome innspel om endringar i høve til forprosjektet.

Det er i perioden gjennomført ein omfattande OU aktivitet, jf. heildagssamlinga, for å kartlegge kva alternativet med sengeetasjar i Livabygget kan gje oss av mogelegeheter. Samlinga var gjennomført i regi av Medisinsk- og Kirurgisk klinikk, og over 70 personar med god kunnskap om drifta ved sjukehuset deltok.

Dei siste arbeidsgrupper er no under etablering, og vidare dialog mellom arkitekt og driftsorganisasjonen skal gjennom arbeidsgruppene.

## 6 HMS

### 6.1 SHA – Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø

Byggeprosjekt er ein arbeidsplass som er underlagt byggherreforskrifta. Denne forskriften skal sikre sikkerheit, helse og arbeidsmiljø for arbeidsplassar av skiftande karakter.


Det er for prosjektet utarbeidd ein overordna SHA plan for Nye Førde sjukehus, og føringar frå den overordna planen skal implementerast i entreprenøren sine planar for gjennomføring av dei ulike delprosjekta. Vedlikehald av den overordna SHA planen er Helse Førde som byggherre sitt ansvar.

#### Status og arbeid denne perioden:

Delprosjekt Dagabygget (Nybygg psykisk helsevern) er under bygging og i samsvar med byggherreforskrifta. Det har i rapporteringsperioden vore ei hending med personskade.

### 6.2 Miljøoppfølgingsplan og grønt sjukehus

Prosjektet følgjer standarden for Grønt sjukehus, og har utarbeidd eigen miljøoppfølgingsplan i tråd med denne. Planen blir brukt i anskaffingar og er mellom anna ein del av kontraktarbeidet med totalentreprenør. Planen omhandlar tiltak og dokumentasjon, og synleggjer ansvar mellom dei ulike aktørane i prosjektet innan miljøområdet. Dette med omsyn til mellom anna avfall, transport, arealbruk og forureining. Entreprenør rapporterer sorteringsgrad og avfallsmengde i sin månadsrapport for Dagabygget, og månadsrapporten til entreprenør skal utviklast vidare med omsyn på å kvittere ut vår miljøoppfølgingsplan.



### 6.3 HMS avvik

HMS avvik blir i prosjektet meldt og følgt opp i ulike system:

1. Helse Førde sin avvikshandtering i Synergi. Melding frå Helse Førde tilsette og handtering av avvik som grensar inn mot drifta av sjukehuset.
2. Entreprenør sitt avvikssystem for gjennomføring av dei ulike delprosjekta.

Ny Førde Sjukehus vil i månadsrapporten rapportere om HMS avvik frå dei definerte systema.

#### Status og arbeid denne perioden:

For Dagabygget (Nybygg psykisk helsevern) er det ved utgangen av august utført 12 950 arbeidstimar og måleparameterane innan på personskade er null (måltal per 1 000 000 arbeidde timer):


**H1 skade = 77** (Arbeidsulykke med fråvær)

**H2 skade = 154** (H1 + hending med medisinsk behandling/tilrettelegging)

**F-verdi = 77** (Fråværssdagar på grunn av arbeidsulykker)

Fråværsskaden i perioden var ein person som snubla i ei merkehylse i eit betongdekke, og det er gjennomført tiltak med å slå merkehylsene heilt inn.

I månadsrapporten til entreprenør er det meldt følgjande status på avvik:



Det er ikkje identifisert alvorlege hendingar utover den omtala personskaden

## 7 Informasjonsarbeid

Det blir på kort sikt framover prioritert fokus på følgjande saker:

1	Prosjekt/delprosjekt	Kommunikasjonsaktivitet	Mottak	Dato	Prognos	Merknad ved rapportering
4	Nye Førde sjukehus	Sikkerheitshandbok byggearbeid	Alle	2019-08-15	● 2	Arbeidet vart midlertidig stoppa før ferien pga. kapasitet
21	Nye Førde sjukehus	Publisere stream frå byggeplasskameraet på Helse-forde.no	Alle	2019-09-	● 2	Byggeplasskameraet er i drift og koding av streamen i arbeid på Helse-forde.no, vi slitt med kodinga.
22	Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Informasjon knytt til konsekvensane ved uviding av anleggsområde	Alle	2019-10-	● 1	Informasjon er publisert på alle kanalar: Intranett, Internett, Facebook og prosjektet si heimeside
23	Nye Førde sjukehus	PR - Helseinnovasjonskonferansen.	Eksterne	2019-10-31	● 1	Produksjon av innlegg - manus + presentasjon
24	Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Video dokumentasjon av byggeprosjekt	Alle		● 1	Produksjon av korte videoer som syner status i byggeprosjektet. Formatet passar til ulike kanalar og show-starter i presentasjonar.

## 8 Hovudaktivitetar neste periode

Det er i kontrakt for delprosjekt Nybygg psykisk helsevern etablert milepålar for framdrift, som er teken inn i oversikta. For delprosjekt Nybygg somatikk er milepålar og aktivitetar knytt opp til prosess med anskaffing og kvalitetssikring av forprosjekt teke inn i oversikta.

Milepålar som prosjektet måler mot:

1	Prosjekt/delprosjekt	Aktivitet	Mileple	Prognose	Merknad
13	Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Tett bygg, heile bygningsmasse	2020-04-15	1	Milepelar i kontrakt
15	Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Fysisk ferdigstilling av kontraktgjenstand	2020-11-16	1	Milepelar i kontrakt
17	Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Overtakelsesforretning	2021-02-05	1	Milepelar i kontrakt
18	Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Tette bygg seng/døgnavdeling	2020-15-02	1	Milepelar i kontrakt
20	Delprosjekt 2 - Infrastruktur og flaum	Ferdigstilling av falumvern	2021-01-01	1	
		Avklare driftsmessig behov for endring i høve til forprosjekt			
22	Delprosjekt 3 - Nybygg somatikk	Oppstart dialog med entreprenør	2019-09-15	3	Må jobbast vidare med
24	Delprosjekt 3 - Nybygg somatikk		2019-11-01	2	Kotrahering utsatt ein månad

Hovudaktiviteten for hausten 2019 vil vere kontrahering av entreprenør for Livabygget og identifisere endringsbehov i høve til løysingar i forprosjektet.

Hovudframdriftsplan for Nye Førde sjukehus er vist nedanfor. Det er registrert mindre avvik, men dette vil ikkje bli innarbeidd eller revidert før entreprenør samhandlingsprosess med entreprenør startar opp hausten 2019:

